

LEIKVINSTEVNE 2008



[Se alle bildene](#)

LES OGSÅ:

[Fikk kommunens kulturpris](#) 22.06.09 - 09:33

[Populær kaffestund](#) 05.07.07 - 08:03

[Stemme for store og små](#) 25.06.07 - 08:21

[Søndagens Leikvinstemne ble en folkefest](#) 22.06.03 - 22:01

Av INGUNN KARIJORD Publisert 22.06.2008 [Tidens Krav](#)

Ordførar Tove Lise Torve og kora Sunndalskoret Grøa Songlag og Torjulvågen Songlag får tilgje meg, men «snakkisen» i Sunndal etter søndagens Leikvinstemne, er kulturskulens framføring av «Peer Gynt».

Orkesterleiar Peter Wergeni, koreograf Hege Lauritsen og teaterinstruktør Audun Gikling hadde gjort ein fenomenal jobb med dei 100 kulturskuleelevane som deltok gjennom song, musikk, dans og skodespel. Her var det gjennomførte produktet av ypperleg klasse i alle ledd; orkester med både blåsarar og strykarar, ungdomskoret, dansarane og skodespelarane. Heile amfiet mellom Holtstua og Opdølløa vart brukt som scene, og det fungerte heilt utmerket.

Hovudrolla var det Ole Erik Furu som hadde, og med tanke på kor mykje tekst han har lært seg utanboks, gjorde han ei solid tolking av denne lbsen-skapnaden. Nemnast må og Dovregubbens dotter som vart spela av Ingrid Megård Sæther. Ho var eit funn i denne rolla, og greidde å vere både innbydande og fandenivoldsk.

Forkorta versjon

Nemnast må og orkesteret og ungdomskoret sin innsats. Dei tolka Grieg på ein utmerka måte. Unge elevar tålte denne utfordringa, og har noko endå vanskelegare å strekkje seg etter når neste kulturskuleår tek til om to månader.

Denne versjonen var naturleg nok ein svært forkorta versjon i forhold til den verkelege utgåva, men likevel hadde instruktørane greidd å halde tråden. Frå liene i Gudbrandsdalen gjekk Peer Gynt si ferd til Marokko, kor han fekk smake det søte livet. Freisterinnene sverma rundt han, og Anitra, spela av Margit Sande Tvedt, var lekker.